



STATENS VEGVESEN REGION VEST  
LEIKANGER KONTORSTED  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 18.11.2019  
Vår ref.: 2019/16017-8  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## **Krav om arkeologisk registrering og oversending av kostnadsoverslag for godkjenning - Fv. 564 Fløksand - Vikebø - reguleringsplan - Meland kommune**


Vi viser til brev frå Statens vegvesen 20.08.19 om oppstart av reguleringsplanarbeid for prosjektet Fv. 564 Fløksand Vikebø, Meland kommune. Vi viser også til Hordaland fylkeskommune sitt innspel i saka datert 17.09.19 der me mellom anna varsla ei kulturhistorisk synfaring.

Hovudformålet med reguleringa er ei omlegging og utbetring av dagens veg, her inkludert ei forbetring av tilhøva for gåande og syklende.

Som regional sektorsytresmakt innan kulturminnevern er det Fylkeskonservatoren sin rolle å gjennomføre ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova. Dette er ein del av den lovheimla prosessen for å best mogleg opplyse saka, og for å sjå til at reguleringsplanen ikkje er i konflikt med kjende eller ukjende automatisk freda kulturminne, jf. § 3 i kulturminnelova.

### **Arkeologisk registrering**

Delar av området er vurdert til å ha potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne frå steinalder- til mellomalder. Det er frå før kjend fleire automatisk freda kulturminne og førhistorisk gjenstandar nær planområdet. Desse er mellom anna ein no fjerna gravhaug frå eldre jernalder (Askeladden id. 10612), eit høgt tal steinalderbuplassar (blant anna Askeladden id. 108039, 108042, 108035, 108033, 108040, 108043), førhistoriske busettingsspor og lausfunn (blant anna Askeladden id. 108112, 108106, 228775, 162341). Med bakgrunn i kjennskapet til arkeologiske funn, eksisterande kulturlandskap og topografiske forhold, kan ein forvente nye funn av automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Der er difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om planen kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Kostnadsoverslaget er vedlagt.



Figur 1. Funntetthet av automatisk freda kulturminne og lausfunn på Fløksand.

### Feltmetode

Delar av planområdet vil bli overflateregistrert for å registrere eventuelle strukturar synlege på overflata. I areal som har vore egna for busetnad og aktivitet i steinalderen, vil ein grave prøveruter på om lag 40x40 cm ned til steril undergrunn. Jordmassane i prøvesticket vil bli vassolda i 4 mm såld for å fange opp eventuelle gjenstandar frå perioden. Funnførande (positive) stikk blir dokumentert ved teikning og foto, samt planskisse over lokaliteten si utstrekning. Dersom materiale egna for C14- datering blir observert, tek ein eventuelt ut ei jordprøve for datering. Alle prøvestikk (positive og negative) blir innmålt med CPOS. Prøvestikka blir gjenfylt innan feltarbeidet blir avslutta. I ein liten del av planområdet må ein bruke gravemaskin for å nå masser eigna for prøvestikking.

I den delen av planområdet som har vore egna for gardsanlegg og aktivitetsområder frå bronse-, jern-, og middelalder. Vil metoden som nyttas i all hovudsak vere maskinell fateavdekking der ein grev sjakter med gravemaskin. Ein bruker flatt skjær for å grave bort dei øvste jordlaga ned mot original undergrunn. Ein vil då vere i stand til å kunne påvise aktivitets- og busetnadsspor i form av bygningsrestar, kulturlag, åkerlag, stolpehol, elstadar, kokegroper, flatmarskgravar, nedpløyde gravhaugar osv. Dersom det blir påvist strukturar, dyrkingsslag osv. som inneheld organisk materiale vil det verte teken ut prøvar for mellom anna 14C-dateringar.

Alle sjaktene vil verte fylt att når feltarbeidet er ferdig. Eventuelle følgjer i registreringsperioden som til dømes utgifter til nødvendig trafikksikring/trafikksikringsplan, og følgjer av registreringa som, arrondering,

tilsåing med gras, veiter som må opparbeidast, gjerder som må flyttast osv. dekkast ikkje innanfor budsjettet til ei arkeologisk registrering, men er ei sak mellom tiltakshavar og grunneigar.

#### Kostnadsoverslag

Kostnaden for den arkeologiske registreringa er kalkulert til å verte 3 002 079 kr. (vedlagt kostnadsoverslag). Til grunn for utarbeidinga av overslaget er Riksantikvaren sine retningslinjer for gjennomføring av undersøkingsplikta og budsjettering av arkeologiske registreringar i medhald av kulturminnelova § 9, jf. § 10 nytta. Denne vart vedteken 21. august 2015, og oppdatert 14.11.2016.

Kostnadsoverslaget inkluderer arbeidstid til for-, felt-, og etterarbeid, samt leige av bil, reiseutgifter, naudsynt utstyr, 14C-dateringar, pollenanalyser, gravemaskin, transport/flytting av gravemaskin, leige av brakker med toalett og straum, flytting av brakker og andre kostnader knytt til brakker.

Det er satt av til saman 75 timer til forberedande arbeid for prosjektleiar/feltleiar og feltkoordinator. For sjølve feltarbeidet er det estimert 1650 timeverk fordelt på to eller fleire arkeologar (4 arkeologar i 11 veker), medan etterarbeid som omfattar mellom anna handsaming av feltdokumentasjon, analysar og rapportskriving er satt til 825 timer for ein arkeolog (1 arkeolog 22 veker). I felt vil det vere naudsynt med bruk av ein 15-20 tonns gravemaskin, samt tid i etterkant til gjenfylling av sjakter. Det er satt av 787,5 timer til gravemaskin, prisen for gravemaskin er estimert og kan fråvike overslaget. For vidare handtering av evt. Funn, prøver og dokumentasjonsmateriale hjå Universitetsmuseet i Bergen har Riksantikvaren bestemt at det skal settast av opptil 10% av lønnskostander inklusive sosiale utgifter dersom det vert registrert automatisk freda kulturminne. I dette kostnadsoverslaget er satsen satt til 10%.

Lønnskostnader og sosiale utgifter for arkeologar vert totalt 1 534 984 kr., driftskostnader vert totalt 236 658 kr., og utgifter til gravemaskin, brakke, 14C-dateringar, pollenanalyser, gravemelding mm. Vert totalt 1 134 500 kr. Vi gjer vidare merksam på at dersom det skull inntreffe vesentlege uforutsette tilhøve, som til dømes fleire funn enn estimert, kan det bli naudsynt å utarbeide eit revidert budsjett. Vi vil i så fall varsle tiltakshavar om dette så snart som råd.

Jf. kulturminnelova §§ 9 og 10 må utgifter til arkeologisk registrering, som har som mål å oppfylle undersøkingsplikta, dekkast av tiltakshavar. Vi gjer for ordens skuld merksam på at tiltakshavar berre vert fakturert for medgått tid og faktiske kostnader. Vi ber om ei skriftleg godkjenning av vedlagd kostnadsoverslag med opplysningar om organisasjonsnummer og signatur på ansvarleg betalar, slik at vi kan sette prosjektet inn i vår feltkalender. Vår feltsesong strekk seg normalt frå april til oktober, feltkalenderen for i år er heilt full.

Vi gjer merksam på at undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova må vere oppfylt før planen kan eigengodkjennast av kommunen.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
MELAND KOMMUNE

Vedlegg

1 Kostnadsoverslag - Fv. 564 Fløksand - Vikebø - reguleringsplan - Meland kommune